



Arkivsaknr: 2024/10715-2
Sakshandsamar: Mari Emilie Pettersen
Hagenlund
Avdeling: Landbruk

SAKSFRAMLEGG

Uttale til ny forskrift om vernskog mot fjellet for Vestland fylke

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til uttale:

Høyringsuttale frå Alver kommune til forskrift om vernskog mot fjellet for Vestland fylke er at forskrifta vert satt på vent og vert innarbeid i den varsla forskrifta om vernskog mot naturfare.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for Areal, plan og miljø.

Saka gjeld

Statsforvaltaren i Vestland har sendt forslag til ny forskrift om vernskog opp mot fjellet i Vestland fylke, på høyring med frist for uttale 1.11.24.

Forskrifta som vart sendt på høyring, gjeld vernskog mot fjellet, dvs. etter det «klassiske» omgrepet av vernskog. Statsforvaltaren vil om kort tid også leggje fram ei forskrift om vernskog mot naturfare. Forskrifta omfattar meldeplikt på hogst over 400 meter over havet (moh) der hogstarealet overskrid 10 dekar. På Vestlandet er det vanlegvis snakk om småskala vedhogst i slike skogar og det vil sjeldan vere nødvendig med melding før hogst. Hogstmeldinga går til kommunane som har 3 veker til å svare på meldinga og til å kome med eventuelle merknader. Etter utgått svarfrist er saka å sjå som avklart.

Saksopplysningar

Bakgrunn

På 90-talet starta Fylkesmannen i Hordaland og i Sogn og Fjordane arbeidet med å etablere eit system av kommunale vernskoggrenser. Hovudmålet med dette var å sikre produksjonsskogen nedafor eit belte av fjellbjørkeskog som vert sett som «klassisk» vernskog etter skogbrukslova. Ei fylkesvis eller kommunal vernskogforskrift vart aldri lagd fram.

I nyare tid har spesielt også på Vestlandet fokuset endra seg dertil at vern mot naturfarar som skred, flaum og steinras er viktigast i kommunale planprosessar. Dermed har også interessa for vernskog auka merkbar.

Meldeplikt av hogst er eit viktig tema som finn inngang i mange fylkesvise vernskogforskrifter etter skogbrukslova. Flatehogst i sårbare område vert sett som ein stor trussel for skogproduksjon og infrastruktur. Vert hogstarealet større enn 10 daa kan hogsten ha konsekvensar for nedanfor liggjande skog og her meiner Statsforvaltaren at hogsten bør vere meldepliktig. Hogstmeldinga går til kommunane som har 3 veker til å svare på meldinga og til å kome med eventuelle merknader. Etter utgått svarfrist er saka å sjå som avklart.

Vurdering

I følge Statsforvaltaren vil skogen som er omfatta av denne forskrifta stort sett gjelde vedhogst i bjørkeskog. Det vil såleis ikkje vere mange hogstar som krev meldeplikt. Det er likevel nokre område med høg-produktiv barskog som kan bli omfatta av forskrifta, blant anna i områda nord i kommunen (Figur 1.).



Figur 1. Kart over vernegrense (rød stipla linje), barskog over vernegrense (grønne område).

Det inneber at ein del grunneigarar vil måtte melde ifrå at dei skal starte hogst på eigedomen sin om området blir større enn 10 dekar.

Alternativ

Eit aktuelt alternativ kan vere å vente med innføring av forskrifta og heller inkludere denne i den varsla forskrifta om vernskog mot naturfare.

Kommunedirektøren si tilråding

Innspel frå Alver kommune til forskrift om vernskog mot fjellet for Vestland fylke er at forskrifta vert satt på vent og vert innarbeid i den varsla forskrifta om vernskog mot naturfare. Dette for å spare både kommune, grunneigarar og Statsforvaltaren for ekstra-arbeid.